



UiT Norges arktiske universitet

Studieplan Bachelorprogram i historie

180 Studiepoeng / Tromsø

Studieplanen er godkjend av styret ved Fakultet for humaniora, samfunnsvitenskap og lærerutdanning 25.09.2025.

Studieplanen gjeld frå og med haust 2025.



Navn på studieprogram	Bokmål: Bachelorgradsprogram i historie Nynorsk: Bachelorgradsprogram i historie English: Bachelor's Degree Programme in History
Oppnådd grad	Bachelor i historie
Målgruppe	Målgruppe er studentar som ønskjer å skaffe seg grundig og systematisk innsikt i metodar og teoriar i historiefaget og brei kunnskap om norsk, samisk og internasjonal historie frå ca. år 1000 og fram til i dag.
Opptakskrav, forkunnskapskrav, anbefalte forkunnskaper	Generell studiekompetanse eller realkompetanse. Tilrådd forkunnskap for realkompetanse er norsk, engelsk og samfunnsfag frå vidaregåande skule og 5 års relevant yrkeserfaring.
Læringsutbytte-beskrivelse	Etter bestått studieprogram skal kandidatane ha følgande læringsutbytte: Kunnskapar: Kandidaten: • har brei kunnskap om norsk, samisk og internasjonal historie frå rundt år 1000 og fram til vår eiga tid • har god innsikt i sentrale historiske tema, teoriar og forskningstradisjonar • har brei kunnskap om sentrale kjelde- og metodespørsmål i historiefaget, mellom anna den historiske kjeldekritikken, diakron og synkron komparasjon samt periodisering av historiske utviklingsløp • har god forståing for korleis historisk kunnskap blir etablert, kva som særmerker historievitskapleg forskning og formidling og kva for rolle historievitskapen har i samfunnet Ferdigheiter: Kandidaten: • kan munnleg og skriftleg gjere greie for historiske problemstillingar med bruk av relevante faglege omgrep og uttrykksformer • kan finne fram til relevante historiske kjelder og faglitteratur

	• kan referere til kjelder og faglitteratur i samsvar med fagets tradisjonar og etablerte akademiske standardar • kan under rettleiing skrive faghistoriske tekstar av eit visst omfang, reflektere over eiga historieskriving og justere denne under rettleiing • kan bruke digitale informasjons- og søkjeværktøy, til dømes på databasar, bibliografisk materiale og arkivmateriale • har evne til å oppdatere historiekunnskapen sin • Generell kompetanse: Kandidaten: • kan skriftleg og munnleg gjere greie for innhaldet i faglitteratur, for teoretiske og metodiske spørsmål samt innhaldet i kjelder av ulik art • kan planlegge og gjennomføre eit mindre prosjekt i samsvar med akademiske tradisjonar og etiske krav • har innsikt i metodiske og etiske problemstillingar • kan arbeide sjølvstendig med ei problemstilling og formidle hovudpunkta både munnleg og skriftleg • kan setje seg inn i nye problemfelt og kunne analysere saker frå fleire sider • kjenner til akademisk argumentasjonsteknikk og kan dokumentere skriftleg arbeid på ein vitenskapleg måte
Faglig innhold og beskrivelse av studiet	Bachelorprogrammet i historie gjev brei kunnskap i norsk, samisk og internasjonal historie frå rundt år 1000 og fram til i dag. I tillegg gjev programmet grundig innføring i historievitenskapleg teori, metode, kjeldebruk og forskningstradisjon. Den realhistoriske tematikken spenner frå lange tidslinjer, store område og kompliserte prosessar til avgrensa studiar av det lokale og særeigne i ein kortare tidsperiode. Gjennom studiar av historia til lokalsamfunn, store verdsimperium, revolusjonar og reformasjon, enkeltmenneske og enkeltskjebna får studentane kunnskap om kva for metodar og teoriar ein bruker for å tileigne seg kunnskap om og til å tolke fortida. Studentane lærar seg å sjå samanhengar og ulikskap og til å reflektere over menneska sine handlingar i samfunnet, og konsekvensane av desse på kort og lang sikt. Studiet gjev innsikt i korleis historisk kunnskap blir etablert, kva som særmerker historievitenskapleg forskning og formidling og kva for rolle historievitenskapen har i samfunnet. Bachelorprogrammet i historie er eit heiltidsstudium på 180 studiepoeng der studentane minimum tar 100 studiepoeng med historieemne (HIS-emne). Av dei 180 studiepoenga er 60 studiepoenga valfrie. I tillegg

	kjem dei obligatoriske emna Examen philosophicum (10 stp) og Mikroemne på til saman 10 stp. Det er lagt til rette for valemne eller utanlandsopphald i 3. og 4. semester. Undervisninga går som hovudregel gjennom heile semesteret, det vil seie at ein får undervisning i fleire emne parallelt. Storparten av undervisninga er på campus i Tromsø, men nokre emne har berre nettbasert undervisning. Mikroemne Du skal velja fire mikroemne (på til saman 10 studiepoeng) i 6. semester, som gir deg generell eller grunnleggjande kunnskapar, ferdigheiter og kompetanse innan ein tematikk. Emna er heildigitale, og du skal kunna gjennomføra emna utan fysisk deltaking. Valemne/emnepakkar Valemna er organiserte i emnepakkar på 30 studiepoeng, som kan takast i 3. og 4. semester. Pakkane skal underbyggja den faglege retninga du har valt og styrkja den tverrfaglege kompetansen din. Dersom du ikkje vel emnepakkar, kan du ta frie valemne som ikkje er ein del av studieprogrammet ditt. Då må du sjølv sjekka at du ikkje får kollisjonar i timeplan og eksamen mellom emna.																										
Tabell: oppbygging av studieprogram	<i>*HIS-1020 vil gå hausten 2025 og så går HIS-1031 hausten 2026, deretter går dei anna kvart år.</i> <table> <tr> <th>Semester</th><th>10 stp</th><th>10 stp</th><th>10 stp</th></tr> <tr> <td>1.semester</td><td colspan="2">HIS-1201 Noreg og verda før 1750 (20 stp)</td><td>HIS-1020 Trolldomsprosessene i Norden og Sápmi (10 stp) / HIS-1031 Reformasjonen i et historisk og religionsvitenskapelig perspektiv (10 stp)*</td></tr> <tr> <td>2.semester</td><td colspan="2">HIS-1202 Noreg og verda etter 1750 (20 stp)</td><td>Examen philosophicum ved HSL-fakultetet (10 stp)</td></tr> <tr> <td>3.semester</td><td>valemne/ utveksling</td><td>valemne/ utveksling</td><td>valemne/ utveksling</td></tr> <tr> <td>4.semester</td><td>valemne/ utveksling</td><td>valemne/ utveksling</td><td>valemne/ utveksling</td></tr> <tr> <td>5.semester</td><td>HIS-1023 Urfolk og nasjonale minoriteter i nord. Samisk og kvensk historie</td><td>HIS-2030 Stridstema i historiefaget (10 stp)</td><td>HIS-1008 Norge i internasjonal politikk (10 stp)</td></tr> </table>			Semester	10 stp	10 stp	10 stp	1.semester	HIS-1201 Noreg og verda før 1750 (20 stp)		HIS-1020 Trolldomsprosessene i Norden og Sápmi (10 stp) / HIS-1031 Reformasjonen i et historisk og religionsvitenskapelig perspektiv (10 stp)*	2.semester	HIS-1202 Noreg og verda etter 1750 (20 stp)		Examen philosophicum ved HSL-fakultetet (10 stp)	3.semester	valemne/ utveksling	valemne/ utveksling	valemne/ utveksling	4.semester	valemne/ utveksling	valemne/ utveksling	valemne/ utveksling	5.semester	HIS-1023 Urfolk og nasjonale minoriteter i nord. Samisk og kvensk historie	HIS-2030 Stridstema i historiefaget (10 stp)	HIS-1008 Norge i internasjonal politikk (10 stp)
Semester	10 stp	10 stp	10 stp																								
1.semester	HIS-1201 Noreg og verda før 1750 (20 stp)		HIS-1020 Trolldomsprosessene i Norden og Sápmi (10 stp) / HIS-1031 Reformasjonen i et historisk og religionsvitenskapelig perspektiv (10 stp)*																								
2.semester	HIS-1202 Noreg og verda etter 1750 (20 stp)		Examen philosophicum ved HSL-fakultetet (10 stp)																								
3.semester	valemne/ utveksling	valemne/ utveksling	valemne/ utveksling																								
4.semester	valemne/ utveksling	valemne/ utveksling	valemne/ utveksling																								
5.semester	HIS-1023 Urfolk og nasjonale minoriteter i nord. Samisk og kvensk historie	HIS-2030 Stridstema i historiefaget (10 stp)	HIS-1008 Norge i internasjonal politikk (10 stp)																								

		<i>etter 1750. (10 stp)</i>		
	<i>6.semester</i>	<i>HIS-2010 Bacheloroppgåve i historie (10 stp)</i>	<i>Fellesfag: Mikroemne (totalt 10 stp)</i>	<i>HIS-2001 Historie sett i lys av kjeldene (10 stp)</i>
Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer	Undervisninga er forskningsbasert og tilpassa bachelornivå, med ein kombinasjon av tradisjonelle fysiske førelesingar, nettbasert undervisning, omvendt klasserom, seminar og individuell og kollektiv rettleiing. Undervisninga går som hovudregel gjennom heile semesteret på campus i Tromsø, det vil seie at det er undervisning i fleire emne parallelt. Nokre emne, 10 stp emne på HIS-1000 nivå, har nettbasert undervisning. Kvart semester har minimum eit av HIS-emna undervisning på campus. I bachelorstudiet blir ulike læringsformer tatt i bruk. Sjølvstudium av pensum og fagstoff utgjer ein viktig del. Likeins individuelt arbeid med oppgåver og fagstoff, men også deltaking i gruppearbeid og kollokviégrupper. Gjennom ulike studentaktive læringsformer, der lesing, skrivning og munnleg aktivitet inngår, utviklar vi den kritiske lesaren og den gode skribenten. Studentane har gjennom heile studiet ein aktiv rolle i læringsprosessen: Gjennom opplæringsdelen tileignar dei seg kunnskap om historiefaget sin teori, metode og faghistorie, kunnskap dei sjølve nyttar aktivt i arbeidet med bacheloroppgåva. Oppbygginga av studiet legg til rette for fagleg refleksjon og mogning. Gjennom dei ulike undervisnings- og læringsformene får studentane høve til å fokusere fagleg og studere fleire type tema ut frå ulike tilnærmingar. Alle historieemna har obligatoriske arbeidskrav, skriftlege og/eller munnlege, desse må vere gjennomførte og godkjende før studenten kan framstille seg til eksamen. Storparten av arbeidskrava er individuelle, men det er også arbeidskrav som må løysast i gruppe. Studentane får tilbakemelding på alle arbeidskrav, saman med rettleiing stimulerer det til læring og er eksamensførebuande. Eksamensformene er varierte, frå ulike former for skriftleg eksamen, til oppgåveskriving med og utan rettleiing og til ulike former for munnleg eksamen. Eksamen på historieemna er i regelen individuell og skal vere eit sjølvstendig arbeid. Eksamensforma er tilpassa innhaldet og karakteren til emna, og dei ulike eksamensformene er valde for å prøve studentane i ulike typar kunnskap og ferdigheiter, og for å måle studentane sitt læringsutbytte. Eksamen blir vurdert ut frå ein karakterskala med seks trinn: A–F, der A er beste karakter og F er ikkje bestått. Ved ikkje bestått på eksamen blir det som regel gjeve tilbod om kontinuasjonseksamen i påfølgande semester. Alle emne har sensorrettleiing til eksamen.			

Tabell: Oversikt eksamen, vurdering og arbeidskrav	
Relevans	Bachelorstudiet i historie gjev kompetanse som er relevant for arbeid i fleire bransjar og sektorar: offentleg administrasjon og forvaltning, museum og arkiv, internasjonalt arbeid, forlag/media, journalistikk, reiseliv og forskning. Ein bachelor i historie kvalifiserer for masterstudium i historie og ulike typar tverrfaglege masterstudium der historie inngår, mellom anna urfolksmasteren og fredsmasteren ved UiT Noregs arktiske universitet. Det er eit fagleg minstekrav om karaktersnitt C eller betre for opptak til masterstudium ved HSL-fak, UiT. Med ein bachelor i historie er det også mogleg å kvalifisere seg til stilling som bibliotekar. Føresetnaden er at ein i tillegg tar eit biblioteksfagleg årsstudium (til dømes ved UiT). Bachelorprogrammet blir fagleg oppdatert gjennom dei fast tilsette sine forskings- og undervisningsnettverk, både nasjonalt og internasjonalt. Relevans for arbeidsliv blir halde ved like gjennom faglege kontaktar med hospiteringsinstitusjonane/-verksemdene, og gjennom kontakt dei faglege tilsette har med ulike institusjonar og verksemdar der dei har arbeidskraft med historiefagleg utdanning.
Arbeidsomfang	For å nå læringsmåla er det lagt til grunn at studentane arbeider 40 timar i veka med studia gjennom studieåret, inkludert førelesningar, seminar, kollokvier, ekskursjonar, sjølvstudium av pensum og arbeid med oppgåver og arbeidskrav.
Undervisnings- og eksamensspråk	Undervisningsspråket er til vanleg norsk, men på heile eller delar av valfrie enkeltemne kan undervisningsspråket vere engelsk. Eksamensspråk er normalt norsk, men kan også vere andre skandinaviske språk. Engelsk kan etter avtale nyttast som eksamensspråk.
Internasjonalisering	Studieprogrammet er gjennom si faglege innretning sett inn i ein internasjonal kontekst. Sentrale delar av pensumlitteraturen er på engelsk. Forskingsmiljøet på historie, som studieprogrammet tilhøyrar, inngår i ulike internasjonale forskingsprosjekt/-nettverk og sikrar at dei som underviser er orienterte i den internasjonalt faglitteraturen.
Studentutveksling	Det er lagt til rette for studieopphald ved eit utanlandsk universitet i tredje og/eller fjerde semester. Før studieopphald i utlandet må 60 studiepoeng i bachelorprogrammet i historie ved UiT vere bestått. Studieprogrammet i historie har utvekslingsavtalar med fleire utanlandske universitet. I tillegg er instituttet også partner i Nordplus-nettverket, det opnar for å studere ved mange universitet i Norden. Studentane kan også gjere seg nytte av HSL-fakultetets avtalar med universitet verda rundt. Studieopphald i utlandet må vere godkjent på førehand som del av studentens utdanningsplan, og det krevst at ein studerer historie eller

	andre relevante emne. Før utreise må studenten ha ei førehandsgodkjenning, det vil seie at faglærer hjelper studenten med å velje emne som skal godkjennast som del av studiet. Studenten søker om endeleg godkjenning ved UiT med dokumentasjon på bestått eksamen i dei tilrådde emna i utlandet. For oppdatert oversikt over kva for universitet studieprogrammet i historie har avtale med, sjå UiTs si nettside om internasjonalisering, eller ta kontakt med internasjonal koordinator.
Administrativt ansvarlig og faglig ansvarlig	Studieprogrammet tilhøyrrer Fakultet for humaniora, samfunnsvitskap og lærarutdanning (HSL-fak). Institutt for arkeologi, historie, religionsvitskap og teologi (AHR) er administrativt ansvarleg for studieprogrammet. Det faglege ansvaret for programmet har studieprogramleiar i historie.
Kvalitetssikring	Alle nye emne blir evaluerte første gong dei blir gjennomførde. Alle emne blir evaluerte ein gong i løpet av programperioden. Studieprogramleiar avgjer kva slags emne som skal evaluerast av studentar og lærar. Studieprogrammet som heilskap blir evaluert kvart tredje år, første gong tre år etter at det først blei sett i verk.

